



Møyfrid Kristoffersen held fram i rådet men ikkje som leiar

**Berre 10 prosent stemte ved soknerådsvalet her i bygda mot 17 prosent for 4 år sidan og det er grunn til å tru at det slo uheldig ut også ved dette valet at røystinga ikkje var i bygda. Avtroppande leiar Møyfrid Kristoffersen er ikkje særleg fornøgd med oppslutnaden og trur også at det framleis er for lite kjent kva soknerådet har av arbeidsoppgåver. Sjølv tek ho ikkje attval som leiar men ho held fram i rådet. Det er truleg Svanhill Haugland som tek over. - Ho er ein svært god kandidat, held Møyfrid fram**

Husnes/Holmedal var heilt nede i 7 prosent og berre Hatlestrand hadde auke samanlikna med 2011. Dei hadde 24 prosent deltaking.

Kyrkjeverje Erlingur Nielsson viser også til den dramatiske reduksjonen i røyststader som hovudårsak til nedgangen men trur ikkje at resultatet er eit teikn på likegyldigheit overfor kyrkja sine oppgåver, Kyrkja har fått inn i sokneråda mange dyktige og positive folk ved valet, fastsleg han. Det var lagt godt til rette for førehandsrøysting. Konstitueringa skjer i oktober.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen